

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til å bygge 10 småkraftverk i Ørskog og Sykkylven kommunar

NVE handsamar søknadar om løyve etter vassressurslova til å byggje 10 småkraftverk i Ørskog og Sykkylven kommunar. Vi gjer ei samordna handsaming av søknadane og samla belastning for området skal vurderast. NVE ønskjer at høyringspartane vurderer kvar enkelt sak for seg, men òg alle sakene samla. Småkraftverka vil gje ein årleg kraftproduksjon på om lag 97 GWh. Det svarar til straumbruken til om lag 4850 husstandar.

Kommune	Søknad	Søklar	Råka elv	Utleggsstad
Ørskog	Ørskogelva kraftverk	Ørskogelva Kraft SUS	Ørskogelva	Biblioteket / Rådhuset
Ørskog	Vestre kraftverk	Vestrekraft SUS	Vestreelva	
Ørskog	Vaksvik kraftverk	Vaksvik Kraft SUS	Vaksvikelva	
Ørskog	Kverve kraftverk	Grytavatnet kraftutbygging	Vaksvikelva	
Ørskog	Grytavatnet kraftverk	Grytavatnet kraftutbygging	Vaksvikelva, Litlebotnelva	
Sykkylven	Aurdal kraftverk	Aurdalselva Fallrettslag SA	Aurdalselva	Servicetorget på rådhuset
Sykkylven	Kroken kraftverk	Kroken Kraft SUS	Regndalselva	Biblioteket Kommunens nettstad
Sykkylven	Gimsdalselva kraftverk	Gimsdalselva fallretteigarlag	Gimsdalselva	
Sykkylven	Øvre og Nedre Huna kraftverk	Huna Kraft AS	Huna	

I samband med søknadane vil NVE arrangere **eit offentleg folkemøte i Sykkylven i veke 19**. Dato vert kunngjort når det er kjent. Her vil søklarane informere om prosjekta i Ørskog og Sykkylven kommunar og NVE vil orientere om behandlinga av søknadane. Det vil vere anledning til å stille spørsmål til både NVE og søklarane.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn Servicetorga på rådhusa og på biblioteka i begge kommunar, og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Bjørnar H. Roalkvam på tlf.: 22959471 eller e-post: bjro@nve.no. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **30.6.2014**.